

SmakifråOska: Tre bryllup denne veka.

30.08.2017



Roy Lervåg har gjort klart for første av tre bryllup denne veka, diamantbryllupet.

Etter ein litt for roleg avslutning på sommarsesongen har Roy Lervåg hatt ein kort feriepause. Denne veka er det igjen full gang i lokala på Oska, og det vert skikkeleg travelt. Heile tre bryllup skal det vera på Oska denne veka, og i tillegg har den gode restaurangen fleire kjekke og gode carteringoppdrag.

Når bryllupsveka startar i dag, er det rett nok feiring av diamantbryllup. Imponerande 60 års ekteskap er verkeleg noko å feira, og då må Oska vera den perfekte plassen. Torsdag og fredag er det igjen bryllup der, men begge desse dagane er det par som går inn i ektestanden. Uskedalen.no ønskjer alle dei tre para lukke til med ei flott og minneverdig feiring.

Neste veke vert det ikkje like mange bryllup, men det vert smakfull aktivitet då og. Vi nemner at eit busselskap forbi Uskedalen, og dei hadde hørt godord om plassen så dermed har dei lagt inn stopp for lunsj på Oska. For fastbuande er det også kjekt å nemna at søndag førskommande vert det søndagsmiddag med ei god lammegryte og dessert. Neste torsdag(7.sept.) er det så klart for haustens første komlemiddag. Framover vert det lagt opp til to komlemiddagar i månaden. Det kjem også til å vera andre aktivitetar på komletorsdagane. Søndag 10.september skal det vera middag for konfirmantjubilantane som har samling den helga.

Elles held Roy Lervåg no på og gjer klart haustprogrammet. Det kjem vi tilbake til, men vi nemner at han m.a. legg opp til spennande vinsmakarkveld/-kurs med eksterne vinsmakarar. Haustprogrammet vil nok innehalda smakfulle tilbod for kvar og ein.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland